



Saksbehandlar: Daniel Gåsemøy Fluge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/9711-8

Invitasjon til å teikne aksjar i "Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS"

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget løyver 0,660 mill. kr til kjøp av 66 aksjar á kr 10 000,- i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS».
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigardel skal ikkje overstige 1/3 av aksjekapitalen. Dersom aksjeteikninga samla medfører ein høgare aksjekapital enn føresett minimumsnivå på 2 mill. kr, aukar fylkeskommunen sitt aksjekjøp for å oppretthalde 1/3 av samla aksjekapital. Dette er avgrensa til eit maksimalt fylkeskommunalt aksjekjøp av 105 aksjar - tilsvarande 1,050 mill. kr.
3. Løyvinga vert finansiert med bruk av kapitalfond.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å teikne tal aksjar ut i frå føresetnadane i pkt. 1-2.

Vedlegg:

1. Invitasjon til aksjeteikning i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS»

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune er invitert til å teikne aksjar i selskapet «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS». Det er Kaupus AS som har sendt invitasjonen. Kaupus AS er skipa av Kaupanger næringsforening for å realisere ideen om eit vitensenter for Sogn og Fjordane på Kaupanger i Sogndal kommune. Verksemda inviterer no aktørar med interesse for å etablere og drive eit slikt senter til å teikne aksjar i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS».

Invitasjon, utkast til vedtekter for selskapet og forretningsplan ligg som vedlegg 1.

I FU-sak 62/17, «Godkjenning av intensjonsavtale med Kaupus AS om Vitensenter i Sogn og Fjordane», vart det vedteke ein intensjonsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Kaupus AS. Avtalen legg til grunn at partane skal samarbeide om å realisere vitensenteret.

Føremålet med aksjeselskapet er å lage eit grunnlag for å etablere og drive eit vitensenter på Kaupanger. I forretningsplanen vert det vist til at hovudmålgruppa er barnehagar og skular, samt at ein forventar besökande frå årmenta og reiselivet. Senteret skal vere forankra i Norsk Forskningsråd sitt Vitensenterprogram. Det skal vere eit populærvitskapleg opplevings- og læringssenter innafor naturvitenskap, matematikk og teknologi, der dei besökande lærer ved å eksperimentere sjølve. For utfyllande informasjon vert det vist til vedlagte forretningsplan.

Fylkeskommunen er no invitert til å bidra med ei aksjeteikning på 105 aksjar pålydande kr 10.000, dvs. 1,050 mill. kr. Fylkeskommunen vert utifrå føreslegen teikningsliste den største eigaren. Næringslivsorganisasjonane på Kaupanger er saman med Sogndal kommune inviterte

til å verte dei nest største eigarane, med 45 aksjar kvar. Av forskings- og utdanningsinstitusjonar er Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning inviterte. Vidare er alle kommunane i Sogn og Fjordane inviterte til å bidra med ein mindre del kvar i aksjeteikninga. Det er føreset at aksjekapitalen i selskapet vert minimum 2 mill. kr.

I framlegg til budsjett 2018/økonomiplan 2018-21, er investering i nye undervisningslokale for Sogndal vgs. – avdeling Kaupanger prioritert. Det er vidare lagt opp til at fylkeskommunen skal bidra med finansiering av utleigedelen til vitensenteret, og at dette kan realiserast med felles utnytting av areal. Ein føresetnad for investeringa i vitensenter-delen er at vitensenteret får på plass ein driftsmodell som gjev grunnlag for å betale ei tilfredstillande husleige.

I tillegg til bygningsmessige investeringar, vert fylkeskommunen no utfordra på å gå inn på eigarsida i aksjeselskapet som skal etablere og drifte vitensenteret. Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at fylkeskommunen kan få to roller i høve vitensenteret, då vi vert både eigar av bygget og eigar i aksjeselskapet.

Fylkesrådmannen meiner at etablering av eit Vitensenter på Kaupanger vil ha positive ringverknader for regionen, og for heile Sogn og Fjordane. Eit slikt senter vil vere med å auke merksemda for naturvitenskaplege fag, og vil gi eit utvida fagleg tilbod for mellom anna born og unge i Sogn og Fjordane. Vitensenteret kan bidra til styrka kompetanse og interesse for naturvitenskaplege fag for framtidige elevar i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.

Sett i høve at fylkeskommunen kan få to ulike roller i vitensenteret, meiner fylkesrådmannen det er avgjerande at etableringa av vitensenteret vert eit spleislag. Det er viktig at det er eit tilstrekkeleg engasjement og forankring hjå andre aktørar. Fylkesrådmannen tilrår difor at vår eigardel i selskapet ikkje skal vere større enn 1/3. Det vil vere ein styrke for aksjeselskapet og driftsmodellen om ein lukkast å få med både lokalt næringsliv, kommunar og utdanningsinstitusjonar på eigarsida.

Kapus AS har føresett ein minimum aksjekapital på 2 mill. kr. Med ein eigardel på maksimalt 1/3 vert vårt aksjekjøp på minimum 0,660 mill. kr (66 aksjar a 10 000 kr). Viss det samla bidraget frå andre medstiftarar overstig 1,340 mill. kr vil fylkesrådmannen tilrå at vi aukar vår aksjeteikning slik at vi eig 1/3 av aksjane, med ei øvre grense på 1,050 mill. kr (105 aksjar).

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at vår eigardel vert avhengig av den samla aksjekapitalen i selskapet. Med utgangspunkt i minimum aksjekapital på 2 mill. kr, tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget stiller seg positive til å løyve 0,660 mill. kr til teikning av aksjar i selskapet «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS». Løyvingsnivået vårt vert endra dersom samla aksjekapital vert meir enn 2 mill. kr. Vår del vert då auka slik at vi bidreg med 1/3 av aksjeteikninga, med ei øvre grense på 1,050 mill. kr.

Løyvinga vert innarbeid i investeringsbudsjettet for 2017, med finansiering frå kapitalfondet.